

Sakna kona under «Ingen grenser»-tur

Frå neste veke av blir Hein Anders Kvalheim frå Geitvika i Fjell å sjå på tv-skjermen i programserien «Ingen grenser» med Odd-Bjørn Hjelmeset.

GEITVIKA: Hein Kvalheim har forsøkt å koma med som deltakar på «Ingen grenser» før.

– Eg kom heilt til det siste uttaket i Oslo sist, men vart ikkje plukka ut. Denne gongen kom eg med, smiler han nøgd. Over tusen menneske med ulike funksjonshemmingar meldte seg på, men berre elleve fekk vera med på turen frå Bergen mot Hardangerjøkulen.

Knekte ryggen

«Ingen grenser» var ein stor suksess for NRK i fjor. Men då Lars Monsen takka nei til ein tredje sesong, sa NRK frå seg programmet. I år blir serien for første gong sendt på TV2, og ekspedisjonsleiar er skiløpar Odd-Bjørn Hjelmeset.

– Han er ein fantastisk turleiar. Inspirerende og oppmuntrande, meiner Hein.

Då han var 16 år, velta Hein med lett motorsykkel.

– Eg hadde låg fart, men eg fall forkjært og knekte ryggen, fortel Hein. Han ser seg som heldig som ikkje knekte nakken.

Etter nokre månader på sjukehus var han på beina igjen.

– Men etter åtte-ti år merka eg at eg byrja å halta og pingsa. Det kom gradvis, så det var ikkje noko sjokk, fortel han. I dag kan han stå på beina, men er avhengig av rullestol for å koma seg rundt. Til dagleg jobbar han som økonomisjef og dagleg leiar ved hovudkontoret til Sjømannskirken i Bergen.

Uvant å vera avhengig

Med seg på turen mot Hardangerjøkulen hadde han ti personar med svært ulike funksjonshemmingar.

– Ei har leddgikt, ei anna er døv, fortel Hein. To av deltakarane brukar rullestol.

– For meg var det utfordrande å måtta vera avhengig av hjelp. Heime er eg sjølvhjelpen med den lette stolen, men på turen hadde eg ein stol på 40 kilo, fortel Hein.

Han meldte seg på for å få ei flott naturoppleving og for å oppleva noko saman med andre.

– Dette er ein tur eg ikkje



Hein Kvalheim reiste på ekspedisjon mot Hardangerjøkulen med ein 40 kilos rullestol, og samarbeid var heilt essensielt. Her får han hjelp av Marie Finstad og Eirik Vaule Røisland. Fremst går Sareng Amini. Foto: TV2

kunne gjort åleine, konstaterer Hein. Målet var å fullføra turen, men han har ikkje lov av TV2 å avsløra korleis det går i serien.

– Kva synest du om konseptet til programmet?

– Det er bra. Kan eg vera med på å bidra til at folk kjem seg ut av sofaen, er eg nøgd, seier han.

Forbod mot å grina

Turen startar i Bergen med siglas til Sunndal. Deretter går reiseruta opp på Folgefonna, ned til Odda, vidare til Kinsarvik i robåt og opp på Hardangervidda derifrå.

– Deretter går ruta til Finse, seier Hein.

Han budde i telt med Christian Fjeldal, som har cerebral parese.

– Vi vart skikkelig gode på å bu i telt. Christian er ein fantastisk fyr, ein uthaldande gladgut, seier Hein. Undervegs oppdaga han verdien av å ha reint vatn. Å eta tørrmat i 30 dagar, er også noko eige.

Han trur folk som kjenner han, vil kjenna han att som seg sjølv på fjernsyn.

– Eg fekk to reglar av døtrene mine før eg reiste. Det eine var å ikkje grina på fjernsyn, det



Det beste med å koma heim att frå ekspedisjonen med Odd-Bjørn Hjelmeset og dei andre ti deltakarane i «Ingen grenser», var å gi kona og døtrene ein klem. Hein Anders Kvalheim ser du på TV2 i neste veke. Foto: Marit Kalgraf

andre var å ikkje seia noko dumt. Det første klarte eg, det andre er eg ikkje fullt så sikker på, gliser Hein.

Minne for livet

Ekspedisjonen var tøffare enn han hadde trudd på førehand.

– Terrenget er utruleg røfft, og vi hadde lange, krevjande dagar, seier Hein.

Han er imponert over dei andre deltakarane.

– Grensene for kva som er mogleg, vart flytta heile tida.

Tersklane for kva som var vanskeleg, endra seg.

– Lærte du noko nytt om deg sjølv?

– Eg opplevde at eg er flink til å sjå løysingar og ikkje avgrensingar. Men eg har utvida horisonten min endå meir, seier Hein. Det aller tyngste var å vera borte frå familien i 30 dagar.

– Eg hadde ikkje forventa at eg skulle sakna kona så intenst. Å klara seg utan telefon og internett og alt det der, var uproblematisk. Men det var vanskeleg å vera

kopla frå familien. Det kjem eg ikkje til å gjera igjen, lovar Hein.

Han trur han kjem til å behalda venskap som vart danna på turen.

– Dei er fantastisk spennande menneske som jobba godt saman. Vi har 30 dagar saman som vi nok vil huska så lenge vi lever, trur Hein Kvalheim.

SOTRA VOLLEYBALLKLUBB

Vil du spela volleyball på

Herre- eller damelaget i 2. og 3. divisjon?

Ta kontakt med Mikael Tangen, tlf 918 07 426